


NR. 2

MARS 2001

34.ÅRG.

Takvam kapell 75 år 1. april



Ikonkrusifikset «Den seirende Kristus» er alterbilde i Takvam kapell. Foto: Marit Hommedal.



Bartimeus begynte å se

Tekst: Mark. 10, 46-52

Av Trygve Johansen

Husker du fortellingen om Bartimeus, den blinde mannen som satt utenfor Jeriko og tigget? Da han får vite at det er Jesus som kommer forbi, roper han ut: "Jesus, du Davids sønn, miskunn deg over meg!" Og da Jesus spør hva han vil, så svarer han at han ønsker å få se. Jesus sier til ham: "Bli seende! Din tro har frelst deg." Straks kunne han se, og han gav seg i følge med Jesus og lovet Gud.

Selv om Bartimeus var blind, så har han likevel et indre øye som er åpent for Jesus. Han er nemlig klar over at det er Messias, Guds Sønn, som er kommet til Jeriko. Han bruker derfor anledningen til å rope: "Herre miskunn deg over meg." Han kan ikke se Jesus med egne øyne, men likevel vet han at Jesus er i stand til å helbrede ham. Det er det viktigste.

Du som er kjent med våre gudstjenester, vet at Bartimeus sin bønn lever fortsatt i vår liturgi 2000 år etter at han ropte ut sin bønn til Jesus. I gudstjenestene våre synger vi denne bønningen: "Kyrie eleison, Gud Fader, miskunne deg. Kriste eleison, Herre kriste miskunne deg. Kyrie eleison, Hellig Ånd, miskunne deg."

Hvis du ber følgende bønn med ditt hjerte: Herre Krist, miskunne deg, så er det et rop om å få se hvem Jesus egentlig er. Uansett hvem du er eller hva du har gjort, så miskunner Jesus seg over deg hvis du ber om det. Du skal vite at han alltid ser deg. Og Jesu største ønske er fortsatt å gjøre oss mennesker seende. Han vil nemlig ta bort din åndelige blindhet, så du blir åndelig seende. Noen kan også få sitt fysiske syn igjen. Jesus ønsker å vise deg hvem han dypest sett er, nemlig Guds Sønn. Han og ingen annen er din personlige frelser og redningsmann her på denne jord. I dag sitter du her ved livets veikant når Jesus kommer forbi, og derfor er det nå din tur til å få møte ham som kan gjøre deg åndelig seende. Han er din sjanse i livet. Gjør derfor som Bartimeus og grip sjansen. Rop ut din bønn: Herre, miskunn deg over meg! Gjør du det, så blir også du bønnhørt.

Velkommen til kirke på søndag!

Der kan du også få be Bartimeus sin bønn.

Årsstatistikken for Arna 2000: FÆRRE HØGMESSER

Det har vore eit normalt arbeidsår i kyrkjelydane i Arna, prega ein del av 2000-års jubiléet. Det er mange frivillige medarbeidarar i prestegjeldet, og ein trur kyrkjelydsarbeidet er i framgang, sjølv om det ikkje gjev dei store utslaga på statistikken. I Arna har ein no dreve Alphakurs på 6. året med to kurs kvart år. Ungdomsarbeidet er utfordrande for tida. Men det er og positive ting å ta fram.

Tryk har drive jamnt bra. Vi har hatt Krikgruppe, nattkafé og ungdomssamling ein gong i månaden (kick off). Christopher, kantoren vår, har starta opp med ungevoksne kor. I Ytre Arna er Ebeneser aktive, og har gjeve ut eigen CD. Ein heil del ungdomar er og med i ungdomskoret. Det er 12 færre døypte i 2000 enn året før. Konfirmanttalet er og noko lågare. Talet for vigde er 39. Året før var det 43. Talet for utmeldte i 2000 er 18, mot 14 i 1999. Frammøte til gudstenester er omlag det same. I Arna kyrkje går det litt opp. I Ytre Arna går det litt attende. Dette kjem kanskje av færre døpte og færre konfirmantar i soknet. Dessutan har det vore 9 færre Høgmesser i prestegjeldet det siste året. Dette heng saman med reduksjon av vikar-

midlar frå bispedømmet si side. Vi får, rett og slett, ikkje midlar til vikarar for prestane sine fridagar og ferie fullt ut lenger. Dette vil ein nok merke endå meir til i tida framover. Kyrkja får ikkje tilstrekkeleg med midlar til det ordinære prestearbeidet frå Stortinget. Elles viser ein til at Årsmøtet i Arna sokn er etter gudstenesta den 11. mars, og i Ytre Arna torsdag 29. mars kl. 18.30. Der kan ein få nærare innsyn i tala frå årsstatistikken.

Kjell Nese

Kunngjøring:

ÅRSMØTE for Arna kyrkjelyd søndag 11. mars 2001

- Kl. 11.00 Gudsteneste v/Trygve Johansen.
Kl. 12.30 Årsmøte i kyrkjelyds-
huset.
Årsmøtesaker.
Servering.

VEL MØTT!

Arr.: Arna sokneråd

Årsfest i Ytre Arna

Ytre Arna kyrkjelyd har sin årsfest med årsmøte og utlodning i Ytre Arna kyrkjelyds-
hus torsdag 29.03.01.
Denne årsfesten tek til med ein andakt i Ytre Arna kyrkje kl. 18.30, og deretter går vi bort i kyrkjelydshuset og har årsfesten vår der.
Gåver til utlodningen kan leverast på kyrkjekontoret, og vi takkar på førehand for gåvene.

VELKOMNE TIL ÅRSFESTEN 29. MARS.

Ti personar har søkt

stillingen som administrativ leiar i Arna prestegjeld :

(ført opp alfabetisk)

- Gro Bjørndal, Oslo
- Geir Bjarte Hjetland, Indre Arna
- Janniche Jæger, Bergen
- Randi Magnussen, Loddefjord
- Anne M. Sagmyr, Bergen
- Dag-Ove Standal, Bergen
- Mariann Ågotnes Steffensen, Garnes
- Berte Marie Ulveseter, Garnes
- Finn Zimmer, Flaktveit
- Ein person ønskjer å vere anonym

**K-FORUM
ARNA**

K-Forum i Arna har to arrangement i mars.

På kvinnedagen tirsdag 8. mars blir det et opplegg.

Tirsdag 13. mars vil kapellan Signe Sandberg ta opp tema:
Mellom Grundtvig og Marx? et meneskesyn for et nytt årtusen.
Møtet begynner klokken 19.30 i Kyrkjelydshuset i Indre Arna.

Nærmere opplysninger hos Jorunn Dahle telefon 55 24 14 47.

CD-innspilling i Ytre Arna kyrkje

AV TRYGVE JOHANSEN


Før jul i fjor skjedde det en spesiell begivenhet i Ytre Arna. Lovsangsteamet Ebenezer sang da inn en ny CD i Ytre Arna kyrkje. 5 ungdommer brukte 16 timer på å spille inn denne platen, som har fått navnet Lovsong. De fem ungdommene som er med i Ebenezer, bor alle i Ytre Arna. Det er Astri Seljåsen Torp, Lars Martin Torp, Bente Hunshamar Skorpen, Sissel Margrethe Monsen og Øystein Askeland Waagbø. Denne CD-en inneholder variert musikk i amerikansk country, klassisk og folke-musikk, og lovsangene er fra Latin-Amerika, Afrika, Norge og Israel. Det er 15 sanger på CD-en med 12 forskjellige stilarter.

Vi vil gjerne få anbefale denne CD-en for Kyrkjelydsbladet sine lesere. Den koster kr. 150,- og inntekten går til vårt ungdomskor i Ytre Arna kyrkjelyd, Koret på sporet. Dette koret trenger et sanganlegg og koret har behov for instrumenter. Koret på sporet består i dag av ca. 20 personer, og det er ungdommer fra 15 år og oppover som er

med. De øver hver torsdag kveld i Ytre Arna kyrkje. Koret har sanger som ungdommer liker å synge og musikken er variert. Ytre Arna kyrkjelyd har fått et fint ungdomsarbeid i kyrkjelyden, der unge selv tar ansvar. Det er ellers et godt samarbeid mellom kyrkjelyden sitt ungdomsarbeid og ungdomsarbeidet på Ytre Arna bedehus. Det har antageligvis ikke vært så aktivt ungdomsarbeid i Ytre Arna på mange år. Vi som står litt utenfor og ser det som skjer, gleder oss stort. Det er også godt å se at konfirmentene er med i det kristne ungdomsarbeidet her i Ytre Arna.

Denne CD-en kan du få kjøpt både på kyrkjekontoret i Ytre Arna og på kyrkjekontoret i Indre Arna. Den kan også kjøpes på Prix i Ytre Arna og i bokhandelen 3,16 i Åsane Senter. I skrivende stund er det solgt så mange CD-er at utgiftene sannsynligvis er dekket. Og overskuddet vil altså gå til det kristne ungdomsarbeidet i Ytre Arna. Vi er takknemlig hvis du selv vil kjøpe CD-en, og dessuten kan den passe som gave til familie og venner. Du er som kjøper med på å støtte vårt ungdomsarbeid.





Vi fødes som originaler, og dør som kopier.

Søren Kierkegaard

Den som ikke er seg selv er heller ingen annen.

Karsten Isachsen

Den eneste makt i verden som kan forandre et menneske er kjærligheten.

Karsten Isachsen

Det er et under å være menneske.

Karsten Isachsen

Forsiktighet er ingen kristen dyd.

Karsten Isachsen

Djvelens flotteste flue er rikdommen

Ole Sæverud

Man skal lese Bibelen som man leser Pengelotteriets trekningsliste.

Ole Sæverud

Kristus hviskede mig i Øret; lad dem bare slaa oss ihjel Langfredag, vi lurar dem Paaskemorgen.

Kaj Munk

Marken og alt det den bærer, skal juble, hvert tre i skogen skal rope av fryd.

Salmenes Bok, Salme 96, 12

Kyrkja ut til folket

Indre Arna (Bn): Skriftleasing og lovsong på eit handlesenter? Det var tilfellet på laurdag, då kyrkjelydane i Arna delte bodskapen sin med dei handlande på Øyrane Torg.

– Det er så mange som «står» på Øyrane Torg, så kvifor skulle ikkje kyrkjelydane gjera det, seier sokneprest Kjell Nese. Kyrkjelydane hadde eit liknande opplegg på Øyrane i fjor. I år 2000 gjekk det eit prosjekt over heile landet om å lesa Bibelen i offentlege rom på ulike tidspunkt.

Årleg tradisjon?

– Det var ei markering av at Bibelen er den viktigaste boka i Europa. Vi synest det var

så kjekt i fjor, at vi ønskte å gjera det igjen, seier Nese. No håpar han at dette vil verta ein tradisjon kvart år i samband med sámannssóndagen, så sant dei får lov å gjera det på Øyrane Torg.

– For oss handlar dette om å visa ansikt, legg presten til.

Det var kyrkjelydane i Indre Arna og Ytre Arna som stod bak arrangementet på laurdag. Dei leste opp utvalde tekstar frå både det nye og det gamle testamentet, og dei hadde ein apell. I tillegg song lovsonggruppa Ebenezer frå Ytre Arna, og ungdomskoret dansa.

Sámannssóndagen er bibeldag, og vart markert med felleskyrkjeleg bibelmóte.



Andakt og song på Øyrane Torg midt i handletida. Foto: Laila Borge.

Takvam kapell 75 år 1. april

75-årsjubileum for Takvam kapell vert høg-tida søndag 1. april med ein jubileums-gudsteneste i kapellet klokken 16.00.

Tidlegare domprost i Bergen, Nils Monstad, forrettar. Etter gudstenesta vert det fest i Tunes bedehus klokken 17.30. Alle er hjarteleg velkommen til festen.

Av omsyn til serveringa er det naudsynt at dei som vil delta på festen meldar seg på innan 27. mars til Klara Ulveseter, telefon 55 24 09 65 eller Haldor A. Romslo telefon 55 24 90 83.



Til jubileet er det laga eit jubileumsskrift som fortel saga til Takvam kapell. Av jubileumsskriftet går det fram at kapellet var vigsla av prost Hilmar Anton Severin Vasstrand skjærtorsdag 1. april 1926. Mykje folk var samla og det var ein stor dag for folket på båe sider av Sørfjorden. Heile kostnaden var på 4.700 kroner. Då var elektrisk anlegg og måling av kapellet teke med.

Kapellet vart først eigd av Haus kommune. Då Arna vart eige prestegjeld i 1968 var det Arna kommune som stod som eigar av kapellet. Men då Arna gjekk inn i Bergen kommune i 1972 vart kapellet i røynda kondemnert av Arna kommune. I samband med kommunesamanslåinga var vedlike-

halds-sjefen i Bergen kommune, Sandal, på synfaring til Arna for å sjå på dei kyrkjelege bygg i bydelen. At det var eit kapell på Takvam som høyrde kommunen til overraske han. Det stod ikkje i hans papirer. Sandal skreiv inn kapellet i dei kommunale eigedomslistene igjen. Han fekk straks satt iverk nødvendig vedlikehald og berga på den måten kapellet frå forfall. På den tiden var forfallet kommet langt. Klokketårnet var i ferd med å råtne.

Tanken om ei utviding av kapellet vaks seg fram stadig sterkare. I 1986 vart det gjeve byggjeløyve for utvidinga. Etter dei nye

reglane for tilgang til kapellet for rullestolbrukarar vart det sett krav om at eit måtte vera tre toalett i det nye kapellet - eit for menn, eit for kvinner og eit for rullestolbrukarar. Men det seier seg sjølv at med tre toalett i eit så lite kapell ville det ikkje vera mykje plass igjen til andre ting. Planane vert difor til slutt godkjend med berre eit toalett.

Bergen kommune gjorde i mai 1987 vedtak om å løyva 700.000 kroner til arbeidet med å utvida kapellet. Vedtaket vart gjort på ordføraren sin sommarfullmakt. Arbeider starta i juli 1987. Byggmeister Trygve


Romslo tok på seg ansvaret med oppføringa av bygget. Han hadde levert eit tilbod å byggja kapellet for 510.000 kroner, og det var ei svært låg pris. Sjølv jobba Trygve Romslo gratis. Han fakturerte berre for materialene og det arbeid underleverandørane gjorde. Av den kommunale løyvinga på 700.000 kroner gjekk om lag 170.000 kroner til prosjektering og kontroll utført av kommunen sine folk

Byggjearbeidene var ferdig i 1988 og søndag 5. juni det året vart det nye Takvam kapell nyvigsla. Etter gudstenesta var det fest på Tunes bedehus. To bispar - Per Lønning og Thor With - deltok ved vigslingshøg-tida, som vart ein jubeldag..

Det vert no halde om lag 12 gudstenester kvart år i kapellet. Dei som kjem til kapellet opplever at dette er eit godt hus å vera på gudsteneste i. Folk kjem så nær kvarandre i det intime kapellet.

I 1990 fekk kapellet sitt spesielle ikonkruis som altartavle. Det er laga av biletkunstnaren Solrunn Nes og vart vigsla 1. april av prost Kaare Nødtvedt. Bilete er laga i den ortodokse kyrkja sin biletttradisjon. Det viser Jesus på korset. Den seirande Kristus er tittel på bilete. Det viser Jesus utan tornekrone.

Monrad Ulveseter oppsummerar saga til Takvam kapell på denne måten: Av Gud er dette gjort. I alt det som har skjedd med kapellet i desse 75 åra kan eg se Guds fing-er. Han har bygd kapellet trinn for trinn. Kapellet har stått her i 75 år fordi Gud ville ha eit kapell på Takvam.



Du skal få en dag i morgen som reint og ubrukt står, med blanke ark og fargestifter til.

Alf Prøysen

Den tid var aldrig spildt som du til andagt bruger.

Johan Nordahl Brun

Sig ei du har forfald naar naade deles ud.

Johan Nordahl Brun

Ingen menneskelig meddelse er viktigere enn prekenen.

Nathan Söderblom

Min Glæde Himlens Forsmag er.

Johan Nordahl Bruk (født 21.3.1745)

Følg alltid din innsjyelse når et gjelder å glede andre.

Hanna Winsnes

Å vente på en glede er også en glede

G. E. Lessing

Det at du gleder en annen, det er den eneste glede

Arnulf Øverland

Ingenting er umulig for den som ikke behøver å gjøre det selv.

Ukjent

Hjelp unge i Brasil til ein ny start!

I Brasil er valden ein trussel som skapar frykt i alle samfunnslag, og unge er en spesielt utsett gruppe. Men ungdomar som Alex (18), Monique (15) og Kall (26) er engasjert i arbeidet for ei betre framtid. Dei er med i prosjekt Kirkens Nødhjelp støttar.

Tirsdag 3. april vil kyrkjelydar og forsamlingsgar i Noreg igjen samla inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin årlege Brød for Verda-aksjon. Tema for aksjonen i år er Brasil og vald. Enorme sosiale ulikskapar, årlege høve til utdanning og arbeidsløysse gjev grobott for vald av eit slikt omfang at den skapar frykt i alle samfunnslag. Gjennomsnittleg vert 110 menneske drepne kvar dag, årleg heile 40.000.

Sirkusskule

Kirkens Nødhjelp støttar mange ulike tiltak mot vald i Brasil. Gjennom sirkusskulen til "Se essa rua fosse minha"

(Om denne gata var mi) har mellom andre Alex Paga (18) fått ein ny start. Han budde på gata frå han var 9 til han var 16 år. Men i dag er han elev ved den nasjonale sirkusskulen om dagen og går på vanleg skule om kvelden.


Til trass for at han er ein av de heldige som har fått hjelp til å koma seg opp og ut av problema, er ikkje Alex berre optimistisk med tanke på framtida. Det er vanskeleg å tru på ei framtid utan vald og kriminalitet. Arbeidet med unge er komplisert, men sirkusskulen til "Se essa rua..." syner at det nyttar.

Å vera jente

Organisasjonen Instituto de Ação Cultural (IDAC) fokuserar på si side på jenter fra slummen og unge jenter som lever på gata.

Monique (15) fikk høre om IDAC-prosjektet "Ser Menina" (å vera jente) gjennom ei venninne då ho var gravid. I dag er ho talskvinne og saman med to andre reiser ho rundt og informerer om prosjektet.

Unge jenter i dei fattige bydelane, favelaene, er særleg utsette for vald. Seksuelle overgrep skjer kvar einaste dag. Det høgste framtidsmålet for mange jenter er å bli kjæraste med ein narkosjef, då er dei nemleg trygge, seier Monique. Likevel trur ho på eit betre liv. Ho har fullført datakurset "Ser Menina" tilbyr, og får kanskje jobb. "Ser Menina" gjev ein trygg-leik det er vanskeleg å finna andre stader.



Hadde det ikkje vore for sirkusskulen "Se essa rua fosse minha" hadde eg fortsatt stole, levd på gata eller vore drepent, sier Alex, 18 år. Han er ein av mange unge i Brasil som har fått ein ny start, borte fra vald og kriminalitet.

Rappar mot vald

Kall (26) vaks opp sør i storbyen São Paulo (3 millioner innbyggjarar). Han møtte kompisen Gaspar (22) på skolen. I raseri over dei manglande tilboda for ungdom i bydelen bestemte dei seg for å gjera noko. Det vart rap, og dei kom i kontakt med organisasjonen Acão Educativa. Dei startet med workshops, rap, kursing i grafitti og breakdance for rundt 250 ungdommer. Sidan har Kall fulgt opp med nye kurs for meir vanskelegstilte, kriminelle ungdom.

- Vi har hatt mange møter med politiet, og dei taur oss inn kvar gong vi set i gang noko nytt. Dei ser på oss som en trussel mot det etablerte, fordi vi driv ein kamp mot fattigdom gjennom å bevisstgjera unge, sier Kall. Han og Gaspar leidar kvar si rap-gruppe og målet er å få gjeve ut ein CD. Men dei har planar om mange flere aktivitetar! Rap bevisstgjær oss på "krigen" rundt oss, seier dei.

Dør-til-dør innsamling

Arbeid mot vald i storbyar i Brasil er konkrete dømer på prosjekt Kirkens Nødhjelp støttar. Likevel går pengane fra Brød for Verden-aksjonen til alt arbeidet KN driv for å kjempa mot fattigdom, naud og urettvise i over 60 land. Tirsdag 3. april kan du vera med og gje ditt bidrag. Det trengst både bøsseberarar til innsamlingsaksjonen (ta kontakt med kyrkjelyden) og velviljuge gjevarar!

Av: Kjetil Fretheim
Menighetskonsulent
Kirkens Nødhjelp

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døypte

Arna sokn:

17.12.00: June Halland Borge

21.01.: Martine Sagmyr Selle

28.01.: Caroline Tangen, Helene

Ylvisåker, Malin Manasi Tyssedal,
Anders Tunes, Ida Marie Gangstø,
Sara Faugstad Amundsen, Malin
Hansen, Karita Johnsen Grønsdal

04.02.: Marcus Mehl Hille

Ytre Arna:

07.01.: Johanna Sårheim Olsen

28.01.: Caroline Tveiterås Sylta,
Dale kyrkje



Vigde

Arna sokn:

27.01.: Marit Helen Romslo og
Arne Bergaas, Takvam kapell



Døde

Arna sokn:

31.12.00: Mary Helseth Bogsnes

09.01.: Nils Lillefosse

18.01.: Solveig Maria Havre

25.01. Jenny Marie Thunestveit, Magnus
A. Helle

26.01.: Olav Gjervik

02.02.: Johannes Martin Haukeland

Ytre Arna sokn:

08.01.: Anny Andersen

Ofringar

Arna sokn:

21.01.: Arna Indremisjonkr. 1.872,00

28.01.: Barne- og ung.prosj. ...kr. 5.005,50

04.02.: Israelmisjonenkr. 1.405,50

11.02.: Bibelmisjonenkr. 3.123,50

11.02.: Bibelmisjonenkr. 3.506,50

18.02.: Kyrkjelydsarbeidetkr. 4.587,50

Ytre Arna sokn:

21.01.: Kyrkjelydsarbeidetkr. 1.084,00

28.01.: Kristelig
kringkastingslagkr. 631,00

04.02.: Misjonshøgskolen.....kr. 1.079,00

11.02.: Det Norske
Bibelselskapkr. 5.396,00

18.02.: Normisjonkr. 2.970,00

Bladpengar

I dette nummer av kyrkjelydsbladet ligg ein giro som kan nyttast ved betaling av blad-pengar for 2001. Bladpengane er på kroner 50. Det er også mogeleg å gje ei gåve til kyrkjelydsbladet på giroen.

Bladpengane er den viktigaste inntektskilda for kyrkjelydsbladet. Vi håper du set pris på bladet og vil betala bladpengar.

Neste nummer av Kyrkjelydsbladet

Neste nummer av Kyrkjelydsbladet kjem ut **3. april.**

Stofffrist: tirsdag 13. mars.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN

Redaktør: Audun Stølås.

Redaksjonsnemnd: Asbjørn Åsgard, Tor O. Holmefjord og Morten Pedersen.

Bladpengar: Kr. 50,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Kokstadflaten 40, Boks 46 Kokstad, 5863 Bergen



Kyrkjeskys

HAUKELAND/UNNELAND

11. mars:

Åshild Mæstad.....tlf. 55 24 00 42

18. mars:

Sverre Myklebust.....tlf. 55 24 29 05

25. mars:

Ingrid Hope.....tlf. 55 95 01 11

1. april:

Lens Haugetlf. 55 24 01 43

3. april:

Oddmund Skjoldal, tlf. 55 24 28 76

ARNATVEIT/INDRE ARNA

18. mars:

Odd Kjos.....tlf. 55 24 17 82

25. mars:

Per Eide.....tlf. 55 24 15 15

1. april:

Jostein Monstad.....tlf. 55 24 32 20

8. april:

Arne Håøy.....tlf. 55 24 03 26

TUNES/GARNES

11. mars:

Malvin Klementsenstlf. 55 24 29 56

18. mars:

Ragnar Aabrekk.....tlf. 55 24 25 27

25. mars:

Leidulf Almenning.....tlf. 55 24 25 52

1. april:

Kari Claussen.....tlf. 55 24 12 20

3. april:

Per Vietlf. 55 24 07 26

Dei tilsette i kyrkjelydane

Sokneprest Kjell Nese
Prestegarden, 5260 Indre Arna
Tlf. 55 24 02 72

Kap. Trygve Johansen
Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 75 53

Organist Arna
Christopher David Briggs
Pb 161 Indre Arna
5888 Bergen
Tlf. 55 24 40 55

Kontorfullmektig Arna
Ella Kaaresen
Hølbekken 125, 5262 Arnatveit
Tlf. 55 24 02 41

Kateket Erik Rodal
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit
Tlf. 55 24 00 41

Kyrkjetenar Arna
Jarle A. Sandvik
Tlf. 55 24 04 00

Organist Ytre Arna
Siri Brunvoll
Vågsbotn, 5131 Nyborg
Tlf. 55 18 45 29

Kontorfullmektig Ytre Arna
Benthe Veve Birkeland
Sørjordveien 11c, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 73 92

Kyrkjetenar Ytre Arna
Sylvi Sæle
Skulev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 88 93

ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Postboks 64 Indre Arna, 5888 Bergen. E-mail: arna.menighet@bkf.no
Tlf. 55 24 04 00 og 55 24 02 15. Fax. 55 24 47 05. Kontoradresse: Lakslia 14, Borgstova, Indre Arna.
Kontortid: Mandag - fredag kl. 09.00-14.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelyds huset, P. Jepsensv. 39, 5265 Ytre Arna.
Tlf. 55 24 85 46. Fax. 55 39 02 46. **Kontortid:** Onsdag og fredag.

Dersom du ikkje får svar, ber vi om at du tek kontakt med kyrkjekontoret i Indre Arna.
Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 06 57. **Kontortid:** Månd.-fred. kl. 10.00-12.00.

ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



Marit Hope – Randi Hope Aga
Tlf. 55 24 08 08 – Mobil tlf. 945 01504

Døgnvakt

Står til teneste med alt ved dødsfall

SAMDALS 55 90 19 80 hele døgnet

_____ BYRÅ
JONSVOLLSGATEN 1

Kommer også hjem for samtale.

J. Teigland – M. Hamre

as Sarepta Blomster

Tlf. 55 24 25 95 **ØYRANE TORG** 5260 INDRE ARNA

*Vi utfører alle oppdrag innen
blomsterdekoratørfaget*

Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT
55 32 55 50

Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris

FØREKORT KL. B



– Fornøyde kunder
– Trygge sjåførere

Tlf. 55 24 00 83/93 06 96 00

ERIK
STEPHANSEN
TRAFIKKSKOLE

HVORDAN HAR DU DET
egentlig?

 **Kirkens SOS 815 33 300**

ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

Frødis
SALONGEN

Vestlivegen 75, 5234 Garnes
Tlf.: 55 39 01 40

Stedet for moderne og
fagmessig hårdesign
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir
trygghet

10 % for pensjonister alle dager.



Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.
Pynting av kirke,
konsert- og forsamlingslokaler.

Espeland Gartneri

5267 ESPELAND TLF. 55 24 08 09
ARTHUR HOPE

Din lokale
storbank
i Arna!

KREDITKASSEN

Filial Arna – tlf. 55 24 92 00

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,
konfirmasjon og barnedåp.


Kleveland A.S.
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer
husholdningsapparat.
Monterer TV-antennene,
også TV 2.

Litangen
Husholdningsservice,
Garnes
Telefon 55 24 02 87

Velkommen til kyrkje

- 07.03. Takvam kl. 19.00.** Kjell Nese. Fastegudsteneste. Nattverd.
- 11.03. 2. s.i faste – Matt. 15,21-28**
Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Årsmøte etter gudstenesta.
Trengereid kl. 11.00. Familiegudsteneste. Kjell Nese. Offer til Kirkens SOS.
- 18.03. 3. s.i faste – Luk. 11,14-23 (28)**
Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til Barne- og Ungdomsprosjektet.
Ytre Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Nattverd. Besøk fra Bibelskolen på Bildøy. Takkoffer til Bibelskolen.
- 20.03. Ytre Arna kl. 19.30.** Fastegudsteneste. Trygve Johansen.
- 21.03. Betania kl. 19.00.** Fastegudsteneste. Trygve Johansen. Nattverd.
- 25.03. Mariabodskapsdag – Luk. 1,26-38**
Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste. Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til Alternativ til Abort.
Ytre Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Bergen Søndagsskolekrets.
- 29.03. Ytre Arna kl. 18.30.** Årsmøte.
- 01.04. 5. s.i faste. 1. Mosebok 22,1-13**
Arna kl. 11.00. Trygve Johansen og Nils Arne Lavik. Nattverd. Takkoffer til Bergen Søndagsskolekrets.
Ytre Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste. Kjell Nese. Barnekoret. Takkoffer til barne- og ungdomskoret. Kyrkjekaffi.
Takvam kl. 16.00. Kjell Nese og Trygve Johansen. Takvam kapell har 75-års jubileum. Takkoffer til kapellet.
- 04.04. Arna kl. 19.00.** Fastegudsteneste. Kjell Nese m/alm. skriftemål. Nattverd